

STATUSRAPPORT



11.12.2013

NRK Nynorsk mediesenter

Medrekna kull 20 har vi teke inn til saman 100 nynorsk-praktikantar. 72 % av dei 90 som er ferdig arbeider i media, dei fleste i NRK. Ved Høgskulen i Volda har Arnt Øyvind Siem skrive semesteroppgåve om NRK Nynorsk mediesenter og sett oss inn i ein historisk samanheng med nynorskprosenten i NRK.

STATUSRAPPORT - NRK Nynorsk mediesenter

Sterk karakter i semesteroppgåve

I haust har Arnt Øyvind Siem skrive semesteroppgåve om NRK Nynorsk mediesenter ved Høgskulen i Volda. Sensuren fell 18. desember, og heile oppgåva vert lagt ut på www.nynorskmediesenter.no før jul. Semesteroppgåva er ein del av eit nettstudium i nynorsk skriftkultur.



Arnt Øyvind Siem har bakgrunn som journalist, redaktør og kommunikasjonsrådgjevar.

- Eg hadde fått med meg at NRK Nynorsk mediesenter er ei unik satsing innan språk og journalistikk, og ville sjå nærmare på bakgrunnen for etableringa og samtidig finne ut kva erfaringar og resultat de kan syne til, snart ti år etter at mediesenteret vart starta hausten 2004, seier Arnt Øyvind Siem.

Siem har mellom anna intervjua tidlegare praktikantar og snakka med leiarar i NRK om kva røynsler dei har med nynorskpraktikantane. Han set NRK Nynorsk mediesenter inn i ein historisk samanheng med 25 %-vedtaket i 1970, og utviklinga for nynorsk i NRK, både før og etter det.

- Det er ein gjennomgåande raud tråd i alle intervjuia me har gjort i denne oppgåva. Og det er at NRK Nynorsk mediesenter får sterkt karakter for den jobben som er gjort, både på det nynorskpråklege og den journalistiske innfallsvinkelen. 72 prosent av dei 90 som har avslutta praktikantperioden arbeider innan media, dei fleste i NRK-systemet. Dette er sterke tal, seier Arnt Øyvind Siem.

100 nynorskpraktikantar



Frå venstre: **Liv Ragnhild Holdhus Sjursen, Oddbjørn Myklebust Opsal, Guro Kvalnes, Halvor Farsund Storvik og Silje Steinnes Bjerknes.**

Med kull 20 har vi tilsett totalt 100 nynorskpraktikantar. Dei byrjar på opplæringa 3. januar og er ferdige til 1. juli 2014. Det var 25 søkjrarar, og vi hadde åtte av dei inne til jobbintervju, språk- og studiotest. Desse fekk plass:

Liv Ragnhild Holdhus Sjursen

Fødd 1984. Frå Fusa i Hordaland. Nettmedarbeidar i kommunikasjonsavdelinga på NTNU i Trondheim. Ho har master i språkleg kommunikasjon og bachelor i Nordisk språk og litteratur frå NTNU. Etter avslutta studium har ho arbeidd som sakshandsamar og rettleiar i ulike avdelingar på NTNU.

Oddbjørn Myklebust Opsal

Fødd i 1988. Frå Vegsund i Ålesund kommune. Ferdig utdanna kokk i 2009 og har arbeidd som kokk og servitør i Ålesund og Oslo. Har også studert estetiske fag ved Universitetet i Oslo, med emna estetikk, medievitskap og litteratur.

Guro Kvalnes

Fødd 1991. Frå Ullensvang i Hardanger. Studerer kunst ved Universitetet i Oslo. Ho har ein bachelor i allmenn litteraturvitenskap frå Universitetet i Oslo. Kvalnes har vore aktiv i studentradioen Radio Nova, der ho er journalist og programleiar i programmet «Skumma kultur».

Halvor Farsund Storvik

Fødd 1981. Kjem frå Sogndal i Sogn og er journalist i Sogn Avis. Har master i journalistikk frå Universitetet i St. Petersburg i Russland, og budde og studerte der i sju år. Om somrane var han sommarvikar i Sogn Avis. Storvik har også studert historie ved NTNU i Trondheim.

Silje Steinnes Bjerknes

Fødd 1988. Frå Volda på Sunnmøre. Er ferskvaresjef på ein Sparbutikk i Trondheim, der ho har arbeidd jamsides studia. Våren 2013 fullførde ho ein master i kultur-, samfunn – og sosialpsykologi ved NTNU i Trondheim. Frå før har ho eit årsstudium i mediekunnskap frå Høgskulen i Volda.

Overraska over mykje tillit



Kull 19, frå venstre: Eirik Hildal (1985), frå Stord, Britt Kristin Ese (1985), Jostedal, Idun Fivelstad (1987), Rindal, Tale Hauso (1991), Odda og Lars Ivar Nordal (1986), frå Volda.

Dei starta på opplæringa 19. august og er snart ferdige med fire månader med opplæring og praksis i Førde. 2. januar byrjar innspurten på dei siste to månadene i ekstern praksis.

Eirik Hildal skal vere i NRK Sogn og Fjordane, Britt Kristin Ese skal til NRK Hordaland, Idun Fivelstad til Norgesglasset, NRK P1, Tyholt. Tale Hauso til NRK Hordaland og Lars Ivar Nordal til Kulturnytt, som jobbar både for NRK P2 og Dagsrevyen.

Slik oppsummerer dei fire månader som nynorskpraktikantar:

Lars Ivar Nordal: - Perioden på desken i NRK Sogn og Fjordane nærmar seg slutten, og det har vore to månader med bratt læringskurve! Eg visste at me ville få ansvar frå dag ein, men eg hadde ikkje trudd at me ville få så mykje tillit. Eg har hatt spennande arbeidsoppgåver og har fått saker både på NRK.no, Vestlandsrevyen og TV-sporten. Det er ein stor styrke ved mediesenteret at me lærer å jobbe fleirmedialt – me har fått bryne oss både på TV, radio og nett. I januar ventar nye utfordringar – Kulturnytt på Marienlyst.

Tale Hauso: - Nynorsk mediesenter er med på å gjere draumen min om å bli journalist til ein realitet. Eg har lært utruleg mykje på kort tid, og det har vore veldig motiverande å ha så engasjerte lærarar som verkeleg ynskjer å få det beste ut av meg. At Nynorsk mediesenter nyttar seg av «lære-med-å-gjer-det-metoden», synest eg har vore utruleg nyttig og ein god måte å lære ting på. Vi har blitt kasta ut i mange interessante og spennande oppdrag. No er det ikkje lenge til eg skal ha praksis i ein ny redaksjon, og dette er noko eg ser veldig fram til.

Britt Kristin Ese: - Det har vore veldig kjekt å komme på desken i praksis og få produsere for tv, radio og nett. Me har fått så pass mykje trening at det går raskare å klippe/skrive saker, og eg forstår litt meir (av alt) for kvar dag. Siste veka har eg fått


prøve meg mykje som direktereporter, og det er utruleg bra å få moglegheita til det. Det er ein god redaksjon å vere ny i, for her får ein hjelp til alt dersom ein ber om det.

Idun Fivelstad: - Eg var så heldig å få saker på riks både på fjernsyn, radio og nett på ei og same veke. Eg kan ikkje sjå for meg kva anna institusjon som kunne ha gjeve meg moglegheit til å få prøve meg på så mange plattformer på så kort tid!

Eirik Hildal: - Etter snart to månadar på desken i internpraksis kan eg slå fast at journalistikk er moro og gjevande. Det er framleis utruleg kjekt og lærerikt å vere nynorskpraktikant. Somme gonger kan det vere tungt og veldig frustrerande, så ærleg må eg vere. Men kjensla av meistring skuggar for det. Noko av det beste er at vi får prøve alle media: Nett, radio og fjernsyn. Vi får mykje ansvar og får prøve oss på alt!

Mine to siste månadar med praksis blir i Førde og NRK Sogn og Fjordane. Veldig, veldig kjekt med NRK Sogn og Fjordane!

Fast jobb i NRK Sogn og Fjordane



Stine Kyrkjebø Johansen (1990) fekk sist veke fast journalistjobb i NRK Sogn og Fjordane. Ho gjekk på kull 17 med nynorskpraktikantar og var ferdig med opplæringa 1. mars. Ho har arbeidd ved distriktskontoret i Førde etterpå, som journalist for radio, tv og nett, og som videojournalist. Altså det vi kallar ei «skikkeleg potet», som kan brukast til alt.

- Det var veldig uventa, men utruleg kjekt. Eg er svært glad for at dei vil ha meg med vidare her på kontoret. Og fast stilling er ikkje noko som blir delt ut kvar dag. Eg gler meg til å halde fram i ein redaksjon som eg trivst veldig godt i. Her får eg gjere alt mogleg, det er kjekt, seier Stine Kyrkjebø Johansen.

Ho kjem frå Kyrkjebø i Sogn og har ein bachelor i Media, IKT og Design frå Høgskulen i Volda. I studietida var ho aktiv med på ulike fleirkameraproduksjonar.

Frå NRK Trøndelag til Østlandssendinga



Gøril Furu (1984) går frå fast jobb i NRK Trøndelag til fast jobb som fotograf, redigerar, videojournalist og teknisk leiar på sending i NRK Østlands-sendinga. Ho byrjar der på nyåret.

- Eg er veldig glad for sjansen og for å få gjere det eg har aller mest lyst til, men også trist over å flytte frå Trondheim

og det fantastiske miljøet og folka her på Tyholt, seier Furu.

Furu kjem frå Sunndalsøra og var nynorskpraktikant i 2006/07. Ho fekk tidleg fast jobb i NRK og har arbeidd i fleire redaksjonar på Tyholt, mellom anna som programleiar for «Nattønske». Ho hadde permisjon frå NRK for å ta ein master i tv-produksjon i Boston i USA, og har siste tida arbeidd som fotoredigerar i Midtnytt, i NRK Trøndelag.

Frå NRK til FN

Frå januar til juni 2014 vert Vegard Tjørhom (1987) praktikant i FN i New York. Han skal mellom anna skrive referat frå møte i Tryggingsrådet og generalforsamlinga, og førebu møte og besøk for politikarar som kjem til FN.

Vegard Tjørhom gjekk på kull 18, som var ferdig 1. juli i år. Han hadde ekstern praksis i NRK Utanriks, og har vore tilkallingsvikar der etterpå.



- Eg er særskilt nøgd med jobben eg har hatt i NRK, der eg har jobba nærmest fulltid som tilkallingsvikar i utanriksavdelinga. Men samstundes må eg skaffe meg meir kunnskap og erfaring for å bli ein betre utanriksjournalist, og FN- jobben kan gje meg det. Den er også ein unik sjanse til å utfordre meg sjølv både språkleg, intellektuelt og kulturelt. Framtidsplanen er framleis å jobbe i media, seier Vegard Tjørhom.

Usikre tider i NRK

NRK skal kutte stillingar framover, førebels er det snakk om 150, men den økonomiske situasjonen kan gjere det påkrevd med endå større kutt. Berre i Nyhendedivisjonen på Marienlyst skal dei bli 38 færre. Der arbeider det mange tidlegare nynorskpraktikantar, og framtida, både der og elles i NRK, er usikker, sjølv om praktikantane har hatt sokalla «positiv særbehandling» sidan 2008.

Ordlyden for «NRKs rekrutteringsprogram» er slik:

«NRK Nynorsk mediesenter og NRK FleRe er strategiske rekrutteringstiltak fordi vi ønsker et økt antall ansatte og vikarer som snakker nynorsk eller har flerkulturell bakgrunn. Søkere fra FleRe-prosjektet og Nynorsk mediesenter betraktes som interne søker i tre år etter gjennomført program, og de skal ges fortrinn til ansettelse i stillinger de er fullt ut kvalifisert for. Det samme gjelder for praktikantordningen i NRK Sàpmi. De samme reglene for lovlig midlertidig ansettelse gjelder for disse som for andre midlertidige».

- Sjølv om denne regelen vart vedteken alt under tilsettingsstoppen i 2008 er det framleis mange leiarar som seier at dei ikkje kjenner til han. Såleis vert det ulik praksis frå redaksjon til redaksjon. Difor tek eg han no med i alle statusrapportar og masar om han same kvar eg er, seier Magni Øvrebotten.

Praktiseringa av regelen skal vere slik at dei som har gått NRK FleRE og NRK Nynorsk mediesenter skal rekna som interne søkerar i NRK i tre år etter at dei er ferdige med opplæringa. I dei åra skal dei kunne søkje både faste stillingar og vikariat, i heile NRK. Dei skal ikkje gå føre søkerar som alt er fast tilsette. Men er dei fullt ut kvalifiserte for stillinga dei søker skal tidlegare praktikantar gå føre eksterne søkerar og andre mellombels tilsette/vikarar i NRK.

Nynorsk redaktørpris til Øvrebotten



Dagleg leiar for NRK Nynorsk mediesenter, Magni Øvrebotten (59), fekk Nynorsk redaktørpris 2013. Prisen vart tildelt for framifrå innsats for nynorsk som mediespråk. – Øvrebotten er og har vore ei sterk kraft for nynorsk mediespråk i meir enn ein generasjon, seier leiaren for Mediemållaget, Berit Rekve.

I grunngjevinga heiter det at gjennom redaktørgjerninga i NRK Sogn og Fjordane og som leiar for NRK Nynorsk mediesenter har Øvrebotten vore framsynt og rekruttert journalistar som syner att i radio, fjernsyn og på nett.

Med opprettinga av Nynorsk mediesenter i 2004, der ho har vore dagleg leiar sidan, har Øvrebotten gått føre i arbeidet med korleis ein kan utvikla nye talent til nynorskbrukande journalistar. Senteret er eit føregangstiltak, skriv Mediemållaget i ei pressemelding.

– Eg er veldig glad for denne prisen. Eg har alltid jobba for nynorsken, seier Magni Øvrebotten til Nynorsk pressekontor.

"Sta stubbebrytar"

Ho har gjennom ni år som leiar av Nynorsk mediesenter lært opp 90 journalist-studentar. – Eg har hatt ein finger med i spelet for mange karrierar. Det er eg stolt av. Det er kjekt å følgja med på korleis det går med journalistane, seier Øvrebotten.

I grunngjevinga for prisen blir ho omtala som "ein sta stubbebrytar" for nynorsken.

– Eg er absolutt sta. Og eg har sterkt vilje. Det har hjelpt meg mykje. Eg trur alle som kjempar for nynorsken må vera både sta og viljesterke, avsluttar Øvrebotten.((**NPK-Monica Lindanger**): (©NPK)

Håkon Haugsbø leiar for juryen



Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar har fått ny jury, for 2013-17. Departementet bestemte i oktober at desse skal vere med der: Svend Arne Vee (1967), Florø, redaktør i Firdaposten. Agnes Ravatn (1983), Oslo, journalist og forfattar, og Håkon Haugsbø (1973), Oslo, kommunikasjonssjef i Kirkens Nødhjelp. Juryen har valt Håkon Haugsbø til leiar.

NRK Nynorsk mediesenter er sekretariat for juryen. Grunnen til det er at denne nynorskprisen vart oppretta i samband med opninga av NRK Nynorsk mediesenter i september 2004. Prisen var departementet si "gåve" til mediesenteret. Prisen er på 50.000 kroner og eit kunstverk.

Denne nynorskprisen for journalistar vert lyst ut i februar kvart år, med 1. mars som frist for å kome med framlegg til prisvinnar. Juryen avgjer i mai kven som får prisen, og han vert delt ut under Dei nynorske festspela i Ørstafjord i juni.

Godt samarbeid med Nynorsk avissenter



Sams førelesing om «Den gode historia», med Terje Gilleshammar og Ole Johannes Øvretveit som lærarar.

Nynorsk avissenter og NRK Nynorsk mediesenter har drive jamsides opplæring av nynorskbrukande journalistar i Firda og NRK denne hausten. Fire praktikantar på fyrste kullet i Nynorsk avissenter, og fem på det nittande i NRK Nynorsk mediesenter.

- Samarbeidet har vore godt, og dei to kulla har hatt om lag 15 sams førelesingar om nynorsk, journalistikk og etikk. Ni praktikantar vert eit større miljø, og redaksjonane i Firda og NRK set pris på å få unge og dyktige journalisttalent i redaksjonane, seier Magni Øvrebotten.

Det andre kullet ved Nynorsk avissenter byrjar på opplæringa 6. januar, to kvinner og to menn.

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

Per 1. desember 2013 har vi sendt frå oss 90 nynorskpraktikantar, og 72 % av dei arbeider heil- eller deltid i media. 57 av dei 90 arbeider i NRK. Totalt har 33 fått fast arbeid i media, 27 av dei i NRK.

NRK har tidlegare nynorskpraktikantar i ulike radio- og fjernsynsprogram og på nettet. Til dømes i Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Kulturnytt, Superblokka, Nitimen, NRK.no og ved distriktskontora i Nordland, Trøndelag, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Det er også folk herifrå i aviser som Drammens Tidende, Telemarksavisa og Møre-Nytt, og i TV2, P5 og i ulike videoselskapet. Fire er informasjonsfolk innanfor skatt, kunst og utviklingshjelp.

Ein tidlegare nynorskpraktikant er leiar for Språkåret 2013, ein annan er fungerande leiar for Stortingsbiblioteket, og ein tredje arbeider med mållovsarbeid i Språkrådet. Fleire er medielærarar i den vidaregåande skulen. Dette berre for å gje døme på kor ulike vegar dei tek, men språket ligg ofte i botnen for det dei steller med.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn de på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei arbeider, så sant dei sjølve hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

Kull 18 – 3. januar til 30. juni 2013



Vegar Tjørhom (1987) er tilkallingsvikar i Utanriksredaksjonen i NRK, men frå januar til juni 2014 vert han praktikant i FN i New York, **Adalheidur Oldeide** (1988) er vikar i NRK Hordaland, **Inger Johanne Ruset** (1985), er vikar i NRK Møre og Romsdal, **Hanne Våge** (1992) studerer spansk ved NTNU og er tilkallingsvikar i fleire redaksjonar på Tyholt. **Trond Espen Bjoland** (1993) studerer historie ved UiB og er tilkallingsvikar i NRK Hordaland.

Kull 17 – 20.august 2012 til 28. februar 2013



Kjersti Hetland (1985) er tilkallingsvikar i NRK Dagsrevyen, men flyttar til Rogaland etter nyttår. **Marte Halsør** (1988) er vikar i NRK Dagsnytt. **Tale Høyem** (1990) er formidlar i Dag og Tid og vikar i skulen. **Jon Bolstad** (1987) er vikar i NRK Hordaland, **Stine Kyrkjebø Johansen** (1990) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane.

Kull 16 – 3. januar til 30. juni 2012



Hans-Olav Rise (1991) studerer journalistikk ved Høgskulen i Oslo og frilansar i NRK Sporten, **Ingunn Rauk** (1983) er tilkallingsvikar Dagsnytt/Kulturhuset i P2. **Raymond Lidal** (1986) er frilansar og masterstudent i Jemen. **Katrine Nybø** (1986) vikar i NRK Dagsnytt og **Wilhelm Støylen** (1980) vikar i Norgesglasset, NRK P1.

Kull 15 – 22. august 2011 til 29. februar 2012



Sondre Dalaker (1992) er mediestudent ved Universitetet i Stavanger, **Susanne Egset** (1989), er tilkallingsvikar i NRK.no/Dagsnytt, men byrjar etter nyttår som informasjonsmedarbeidar på Oslo lufthamn, Gardermoen. **Maria Pile Svåsand** (1986) er vikar i Kulturnytt, NRK P2, **Agnese Bremere** (1988) masterstudent ved Universitetet i Oslo. **Lars Erik Andreassen** (1991) student ved NTNU og frilansar i NRK på Tyholt.

Kull 14 – 3. januar til 30. juni 2011



Jonas Sætre (1986) vikar i NRK.no, **Gry Brekke Hustveit** (1983) frilansar fleirkamera, **Ingvild Nave** (1990) student UiB og tilkallingsvikar i NRK Hordaland, **Ingrid Brandal Myklebust** (1986) er på reise i Latin-Amerika for å praktisere spansk. **Christin Wiik Gjerde** (1981) er programleiar for Superblokka i NRK P1. Programmet vert lagt ned ved nyttår, og då vert han nettjournalist/reporter i mpg (melodi grand prix for vaksne). Wiik Gjerde fekk Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2013.

FAKTA OM TRE TILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio og fjernsyn. 10 praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Leiar: Magni Øvrebotten. Senteret er modell for dei to andre.

NRK FleRE – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio og fjernsyn. Fem praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga, Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett og avis. Åtte praktikantar i året. Starta hausten 2013. Bak tiltaket står Avishuset Firda, Amedia, Vinjefondet, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane. Samlokalisert med lokalavisa Firda i Førde. Leiar: Arve Sandal.